

NOTAT

Sak: 55/2015: Kommunane sin representasjon i overordna samarbeidsutval for Nordhordland - notat til grunnlag for drøfting

Bakgrunn:

Overordna samarbeidsavtale mellom sjukehusa og 23 kommunar i Helse Bergen sitt føretaksområde vert lagt til grunn for denne saka.

I samsvar med den Overordna samarbeidsavtalen har den enkelte kommunane utpeika representant i Samarbeidsutvalet for Nordhordland. Representasjonen frå kommunane er fordelt mellom politikk, administrasjon og fag:

Skifte av ordførarar i kommunane fører til at det også blir endringar i kommunane sin representasjon i Samarbeidsutvalet og leiar ber om at Regionrådet drøftar kommunane sin representasjon og samansetting med representantar frå politikk, administrasjon og fag.

Regionrådet skal ikkje utpeike nye representantar, men kan komme med råd når det gjeld samansettinga av repr. frå kommunane.

Kommune	Fast repr.	Vara repr.
Austrheim	Peter Kubon, kommuneoverlege	Jarle Gallefoss, kommunelege 2
Fedje	Ernst Horgen, kommuneoverlege	Vidar Bråthen, rådmann
Masfjorden	Karstein Totland, ordførar	Marit Steinestø, varaordførar
Meland	Tord Moltumyr, kommuneoverlege	Nils Marton Aadland, ordførar
Modalen	Knut Moe, ordførar	Oddvin Neset, ass.rådmann
Lindås	Terese Folgerø, kommuneoverlege	Tove Legernes, sjukeheimslege
Osterøy	Odd Ivar Øvregård, rådmann	Mette Fauskanger, komm.sjef
Radøy	Johan Sandal, kommunalsjef helse og omsorg	Jarle Landås, rådmann

Til drøfting:

- kommunane sin representasjon og samansetting i overordna Samarbeidsutval for Nordhordland
- forankring av representasjonen